

# St.ppr. nr. 89

(2006–2007)

## Om utbygging og finansiering av rv 567 Hauge–Lonevåg i Osterøy kommune i Hordaland

*Tilråding fra Samferdselsdepartementet av 24. august 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om utbygging og finansiering av prosjektet Hauge – Lonevåg på rv 567 i Osterøy kommune i Hordaland. Finansieringa er basert på delfinansiering med bompengar gjennom utviding av eksisterande bompengeordning i Osterøy. I tillegg til bompengar omfattar finansieringsplanen statlege midlar og lokalt tilskot.

Stortinget behandla i 1990 eit opplegg for finansiering av Osterøybrua (Kvisti bru) med tilstøytande vegar, medrekna Hannisdalslinja (strekninga Rolland – Hauge) og Tiråstunnelen, jf. St.ppr. nr. 5 (1989-90) og Innst. S. nr. 78 (1989-90). Grunna auka kostnader og reduserte trafikkprognosar blei det i 1992 lagt fram ein proposisjon basert på trinnvis utbygging, jf. St.ppr. nr. 37 (1992-93) og Innst. S. nr. 110 (1992-93). Stortinget slutta seg til at første byggetrinn skulle omfatte Osterøybrua, kryss på Herland og kryss på Kvisti.

Økonomien i bompengeselskapet utvikla seg vesentleg betre enn venta som følgje av redusert rentenivå. Andre byggetrinn i prosjektet, Tiråstunnelen, blei vedtatt ved behandlinga av St.ppr. nr. 1 (1996-97), jf. Budsjett-innst. S. nr. 14 (1996-97). Tredje byggetrinn, Hannisdalslinja, blei vedtatt ved behandlinga av St.ppr. nr. 60 (1999-2000), jf. Innst. S. nr. 246 (1999-2000). Bomstasjonen har

stått ved Osterøybrua sidan starten av innkrevjinga i 1997. I St.ppr. nr. 1 (1996-97) var bompengeperioden for første byggetrinn rekna til vel 14 år, og det var venta at den ville bli forlenga til vel 15 år ved bygginga av Tiråstunnelen. Etter utvidinga med Hannisdalslinja var bompengeperioden rekna til 17 år, jf. St.ppr. nr. 60 (1999-2000).

Osterøybrua ga Osterøy kommune landfast tilknyting til E16 over Sørfjorden. Ved opninga av brua i 1997 blei ferjesambandet Haus – Garnes lagt ned, medan ferjesambandet Valestrandfossen – Breistein blei vidareført. Tiråstunnelen sto ferdig i 1998 og Hannisdalslinja i 2002.

Osterøy Bruselskap AS har søkt om å få delfinansiere utbygginga av rv 567 Hauge – Lonevåg ved ei utviding av dagens bompengeordning utan at føresett bompengeperiode på 17 år blir forlenga. Bakgrunnen er i hovudsak større trafikkvekst og lågare rentenivå enn det som er lagt til grunn tidlegare. Dersom bompengeordninga ikkje blir utvida, er det rekna med at bompengeperioden kan avsluttast etter om lag 14 1/2 år.

Osterøy kommune, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har slutta seg til å forlenga bompengeinnkrevjinga på rv 566 ved Osterøybrua for å delfinansiere utbygginga av rv 567 mellom Hauge og Lonevåg. Prosjektet er omtalt i St.ppr. nr. 1 (2005-2006), side 129, og i St.ppr. nr. 1 (2006-2007), side 80.

## 2 Dagens situasjon og omtale av utbygginga

Osterøy kommune har om lag 7 200 innbyggjarar. Dagens veg mellom Hauge og Lonevåg har låg standard. Vegen er smal og svingete. Trafikken på Osterøy har hatt sterk vekst. Dette fører til konfliktar mellom ulike trafikantgrupper.

Utbygginga mellom Hauge og Lonevåg omfattar om lag 3,3 km ny riksveg. Av dette er om lag 1,5 km tunnel. Ei bru på vel 90 m ved Lonevåg og nye tilknytingsvegar mot Revheim og Hjellvik inngår i prosjektet som også omfattar korte strekningar med gang- og sykkelveg ved Hauge og ved Lonevåg. Prosjektet vil gi fullgod standard på tilnærma heile strekninga mellom Osterøybrua og kommunenesentret Lonevåg. Utbygginga vil gi gevinstar for trafikktryggleik og gjere det enklare å komme til kommunenesentret for ein stor del av innbyggjarane. Utbetring av vegen er også viktig for å effektivisere transporten for næringslivet.

Anleggsarbeida er planlagt å starte hausten 2008, med opning for trafikk i 2011. Reguleringsplanane for sjølve prosjektet blei godkjente i 2003, medan reguleringsplan for massedeponi blei godkjent i 2006.

Kostnadsoverslaget er 194 mill. 2006-kr. Omrekna til 2007-prisnivå er overslaget 198 mill. kr. Uvissa i overslaget er vurdert til å ligge innanfor +/- 10 pst.

Prosjektet sin netto nytte (NN) er rekna til -90 mill. kr. Netto nytte pr. investert krone (NN/K) er rekna til -0,4.

## 3 Bompengesøknad og lokalpolitisk behandling

Bompengesøknaden blei behandla av Osterøy heradsstyre 22 juni 2005. Heradsstyret gjorde følgjande vedtak:

*Osterøy heradsstyre sluttar seg til søknad av 13.06.2005 frå Osterøy Bruselskap AS om løyve til delfinansiering av ny rv 567 Hauge – Lonevåg med bompengar med om lag kr 61 mill. kr. Vidare sluttar ein seg til at Osterøy Bruselskap AS får løyve til å forskottera statleg løyving til prosjektet, jf. NTP 2006-2015, kap. 10 Invest. i Hordaland. Osterøy heradsstyre har elles ingen merknader til framlegg til finansieringsplan.*

*Heradsstyret vil på nytt minne om kor viktig realisering av dette prosjektet er for vidare utvikling av næringsliv og busettad i kommunen, og det er difor svært tilfredsstillande at Osterøy Bru-*

*selskap AS no ser seg i stand til å delfinansiera prosjektet basert på dei løyvingane som er foreslått i NTP 2006-2015 samt løyving frå kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaraavgift.*

Byrådet i Bergen behandla saka 21. juli 2005. Byrådet gjorde følgjande vedtak:

*Byrådet gir sin tilslutning og støtte til Osterøy Bruselskap AS sin søknad om delvis bompengefinansiering av ny riksvei 567 mellom Hauge og Lonevåg, på de premisser som framkommer av broselskapets brev av 28. juni 2005. Saken sendes komiteen til orientering.*

Søknaden blei behandla av Hordaland fylkesting 13. desember 2005. Fylkestinget gjorde følgjande vedtak:

- Fylkestinget tilrår delvis bompengefinansiering av prosjektet Hauge – Lonevåg på rv 567 i samsvar med bompengesøknaden frå Osterøy Bruselskap AS. Det er ein klår føresetnad at bompengeperioden ikkje vert forlenga ut over fullfinansiering av dette prosjektet.*
- Fylkestinget rår til at Osterøy Bruselskap AS får løyve til å forskottere 56 mill. kr til ny veg på strekninga Hauge – Lonevåg.*
- Forskotteringen vert refundert utan renter eller kompensasjon for prisauke i perioden 2010-2015.*
- Hordaland fylkeskommune gjev simpel garanti for lån til Osterøy Bruselskap AS på inntil 140 mill. kr. Garantien gjeld fram til lånet er nedbetaadt.*

Etter kostnadsgjennomgang i Vegdirektoratet hausten 2006 auka kostnadsoverslaget med om lag 45 mill. kr samanlikna med overslaget som låg til grunn ved den lokale behandlinga i 2005. Det er utarbeidd ny finansieringsplan der det nye overslaget på 194 mill. 2006-kr ligg til grunn (198 mill. 2007-kr).

Den nye finansieringsplanen blei behandla av Osterøy heradsstyre 7. februar 2007. Heradsstyret gjorde følgjande vedtak:

*Osterøy kommune rår til at pårekna meirkostnad for prosjektet rv 567 Hauge – Lonevåg, ca. kr 50 mill., vert dekka gjennom auke av bompengedelen og auka statleg løyving med om lag ei 50 – 50 deling på kvar. Alle tal kan verta justerte fram til stortingshandsaminga.*

*Osterøy kommune sluttar seg til følgjande finansieringsplan for prosjektet:*

<i>Statlege løyingar:</i>	<i>95 mill. kr</i>
<i>Kompensasjonsmidlar:</i>	<i>8 mill. kr</i>
<i>Bompengar:</i>	<i>91 mill. kr</i>
<i>Sum:</i>	<i>194 mill. kr</i>

*Føresetnaden er framleis nedbetaling av bompenge lån innan oktober 2014. Auken i bompenge delen vert finansiert gjennom innspart forskotering av statleg del som følge av utsett byggestart, innsparte renter og auka trafikkvekst.*

Saka blei lagt fram for Hordaland fylkesting 29. mars 2007. Fylkestinget gjorde følgjande vedtak:

1. *Fylkestinget tek opplysningane om kostnadsauken på prosjektet rv 567 Hauge – Lonevåg til orientering og vedtek at inntil 20 mill. kr av den samla kostnadsauken på 46 mill. kr vert dekka innanfor den fylkesfordelte riksvegramma i perioden 2010-2015. Fylkestinget føreset at dette ikkje fører til utsetjing av rv 563 Kleppstø-Ask, rv 48 Løfallstrand-Årsnes m/ferjekai og Jondalstunnelen.*
2. *Fylkestinget godkjenner og opplegget med utvida bompengefinsansiering for å dekke den øvrige kostnadsauken.*
3. *Fylkestinget legg til grunn at prosjektet vert gjennomført i samsvar med tidlegare prioriteringar i handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan 2006-2015.*

Byrådet i Bergen behandla saka 20. juni 2007. Byrådet gjorde følgjande vedtak:

*Byrådet tar opplysningene om kostnadsökning på prosjektet rv 567 Hauge – Lonevåg til orientering.*

*Byrådet gir, i likhet med Osterøy kommune og Hordaland fylkeskommune, fremdeles sin tilslutning og støtte til Osterøy Bruselskap AS sin søknad om delvis bompengefinsansiering av ny riksvei 567 mellom Hauge og Lonevåg, på de premissene som nå fremkommer.*

*Saken sendes komiteen til orientering.*

## 4 Trafikkgrunnlag

Årsdøgntrafikken over Osterøybrua var 2 330 kjøretøy i 2006. Den årlege trafikkveksten frå 1998 til 2006 har vore om lag 6 pst. pr. år i gjennomsnitt. Utan takstendringar utover prisstiginga er det venta at den årlege trafikkveksten gjennom bomstasjonen vil bli redusert noko dei kommande åra. Dette er i tråd med vanleg trafikkutvikling der det er etablert fastlandssamband eller andre

vegutlösingsprosjekt. Statens vegvesen tilrår at det blir lagt til grunn ein årleg vekst i trafikken på 3 pst. i finansieringsplanen. Dette er noko høgare enn i prognosane som blei utvikla for Hordaland i samband med Nasjonal transportplan 2006-2015. Tilrådinga er basert på den trafikkveksten som har vore sidan opninga av Osterøybrua og den relativt korte innkrevjingstida fram til 2014.

Bompengetakstane blei auka med 10 pst. frå 1. september 2005 for å justere for delar av veksten i konsumprisindeksen sidan oppstarten av innkrevjinga. Takstauken førte til ein auke i trafikken i ferjesambandet Valestrandfossen – Breistein, men trafikkveksten på bruva har halde fram. Det er lagt til grunn at ferjesambandet blir halde i drift gjennom heile bompengeperioden.

## 5 Finansieringsopplegg

### Statlege midlar

I Statens vegvesen sitt handlingsprogram/planningssprogram for perioden 2006-2015 er det sett av 78 mill. kr til prosjektet rv 567 Hauge – Lonevåg innanfor den fylkesfordelte ramma til øvrige riksvegar i Hordaland. Desse midlane er fordelt med 20 mill. kr i første fireårsperiode (2006-2009) og 58 mill. kr i siste seksårsperiode. Gjennom vedtaket i fylkestinget 29. mars 2007 har fylkestinget gått inn for at i tillegg inntil 20 mill. kr kan dekkast innanfor den fylkesfordelte ramma for perioden 2010-2015. Totalt er det etter dette rekna med 98 mill. kr i statlege midlar til prosjektet.

### Lokalt tilskot

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift blei lagt om frå 1. januar 2004. Stortinget fatta i samband med behandlinga av St.prp. nr. 1 (2003-2004), vedtak om å innføre kompenserande tiltak. I følgje Kommunal- og regionaldepartementet kan midlane nyttast til ulike sektorar og område for å fremje næringsutvikling, m.a. samferdsel. Midlane som er stilt til rådvelde for Hordaland, er fordelt gjennom lokale prosessar. Styret for kompensasjonsmidlane i Osterøy kommune har gått inn for at kompensasjonsmidlane for 2004 på 8 mill. kr skal gå til bygging av prosjektet rv 567 Hauge – Lonevåg. Omlegginga av ordninga med arbeidsgjevaravgifta frå 2007 får ingen konsekvensar for dette.

### Bompengeopplegg

Det er lagt opp til delfinansiering med bompengar innanfor bompengeperioden på 17 år som blei lagt til grunn i St.prp. nr. 60 (1999-2000). 17 års bompengeperiode inneber at innkrevjingga blir avslutta hausten 2014. Utan utvidinga med utbygginga mellom Hauge – Lonevåg er det venta at selskapet si gjeld er nedbetalt tidleg i 2012.

Hovudregelen ved innkrevjing av bompengar er nytteprinsippet. Dei som betalar bompengar skal ha nytte av prosjektet. Denne samanhengen går også andre vegen, slik at dei som har nytte av eit vegprosjekt også skal betale bompengar, jf. St.meld. nr. 24 (2003-2004) Nasjonal transportplan 2006-2015. Bompengar som i dag blir kravde inn i bomstasjonen, går til å finansiere Osterøybrua, Tiråstunnelen og Hannisdalslinja. Bompengetaksten er lik uavhengig av om ein nyttar ein, to eller alle dei tre vegprosjekta. Utvidinga med prosjektet Hauge – Lonevåg vil innebere at eit prosjekt i tillegg til dei som ligg inne i den opprinnelige utbyggingsplanen blir delfinansiert med bompengar som blir kravde inn ved Osterøybrua. Samanhengen mellom nytte og betaling blir dårlegare dess lengre borte frå bomstasjonen utbygginga skjer. Ei enkel nummerskiltregistrering frå juni 2007 viser at vel 50 pst. av trafikken som passerte bomstasjonen ved Osterøybrua, kjørte på dagens riksveg mellom Hauge og Lonevåg i løpet av perioden med registrering på 12 timer. Vegdirektoratet peikar på at det er den lokale trafikken som må betale bompengar, og ein større del av denne trafikken vil truleg ha nytte av det nye prosjektet over tid. Utbygginga av vegsystemet på Osterøy blir vidareført slik at det blir fullgod standard på tilnærma heile strekninga mellom E16 og komunesentret Lonevåg. Vidare er det lagt til grunn at delfinansieringa av prosjektet med bompengar kan skje innanfor bompengeperioden på 17 år som blei lagt til grunn i St.prp. nr. 60 (1999-2000). Det er lokalpolitisk tilslutning til å delfinansiere utbygginga med bompengar.

Etter ei samla vurdering tilråd Vegdirektoratet at det kan krevjast inn bompengar på Osterøybrua til delfinansiering av rv 567 Hauge – Lonevåg.

### Finansieringsføresetnader

Vegdirektoratet godkjente 4. august 2006 ein søknad frå Osterøy bruselskap AS om å gå over frå manuell innkrevjing til Autopass-systemet. Grunnleggjavinga for omlegginga er at innkrevjingsopplegget blir meir kostnadseffektivt. Det nye systemet

blei sett i drift frå 11. juni 2007. Ved å fjerne bompengar for passasjerar og motorsyklar/mopedar, og ved å redusere talet på takstgrupper for store kjøretøy frå to til ei, er det lagt til grunn eit bortfall av inntekter som skal kompenserast gjennom endring av takstane. Ein vesentleg del av kompensasjonen blir belasta kjøretøy med totalvekt t.o.m. 3 500 kg grunna at storparten av bortfallet av inntekter er knytt til fritak av bompengar for passasjerar. I tillegg utgjer denne gruppa vel 95 pst. av alle kjøretøya. Taksten for «liten bil» er auka med om lag 10 pst. Dei nye takstane er 50 kr for kjøretøy t.o.m. 3 500 kg og 165 kr for kjøretøy over 3 500 kg. Det nye takst- og rabattsystemet er i tråd med gjeldande retningsliner.

Det er ikkje lagt opp til justeringar/endringar av takstane ved utviding av bompengeprosjektet med prosjektet Hauge – Lonevåg. Vegdirektoratet meiner det må vere ein føresetnad at takstane blir gått gjennom og tiltak vurderte dersom taksendringane ved overgang til Autopass-systemet frå juni 2007 fører til ei gjennomsnittsinntekt pr. passering som er lågare enn lagt til grunn i finansieringsanalysen, dvs. 46,30 2006-kr.

Osterøy Bruselskap AS har inngått avtale om å binde renta for delar av bompengelånet. Dette gir ei gjennomsnittleg lånerente på 4,5 pst. i 2006 og 5,2 pst. i perioden 2007-2011. Frå 2012 er det lagt til grunn at lånerenta blir 6,5 pst. Denne lånerenta er også lagt til grunn for utvidinga av bompengelånet ved at utbygginga blir utvida med prosjektet Hauge – Lonevåg. Lånerenta på 6,5 pst. føreset at det før anleggsstart ligg føre dokumentasjon frå ein låneinstitusjon om lån innanfor denne renta.

Følgjande basisføresetnader er elles lagt til grunn for finansieringsanalysen:

Utbyggingskostnad: 194 mill. 2006-kr.

Gjennomsnittleg inntekt pr. kjøretøy: 46,30 2006-kr.

Trafikkgrunnlag: 2 330 kjøretøy (ÅDT) i 2006.

Årleg trafikkvekst: 3 pst.

Årleg prisstigning: 2 pst.

Årlege innkrevjingskostnader: 2,7 mill. kr

Ein eventuell kostnadsauke skal dekkast i samsvar med gjeldande retningslinjer for bompengeprosjekt. I dette prosjektet skal bompengeselskapet dekke 50 pst. av overskridingar inntil 10 pst., og staten 50 pst. Kostnadsauke ut over 10 pst. er staten sitt ansvar og må dekkast innanfor den fylkesfordelte investeringsramma til øvrige riksvegar i Hordaland.

Dersom økonomien i bompengeselskapet blir svakare enn rekna med, kan bompengeselskapet

etter avtale med Vegdirektoratet auke takstane med inntil 20 pst. ut over prisstiginga og forlenge innkrevjingsperioden med inntil 5 år.

Det er også rekna på eit alternativ med følgjande føresetnader:

- 10 pst. kostnadsauke
- Ingen årleg trafikkvekst
- Takstauke på 20 pst. 2 år etter opninga av prosjektet Hauge – Lonevåg.

Med desse føresetnadene er bompengeperioden rekna til vel 18 år, dvs. ein auke på vel eitt år.

#### *Fylkeskommunal garanti*

Som det går fram av kapittel 3, har Hordaland fylkeskommune vedtatt å stille garanti for eit bompengelån på inntil 140 mill. kr knytt til prosjektet Hauge – Lonevåg. Dette kjem i tillegg til dei garantiane som fylkeskommunen tidlegare har vedtatt for utbygginga på Osterøy. Garantien vil først komme til utbetaling dersom bompengeselskapet si gjeld ikkje er mogleg å handtere etter at realtakstane er auka med inntil 20 pst. og innkrevjingsperioden er forlenga med 5 år. Den fylkeskommunale garantien skal godkjennast av Komunal- og regionaldepartementet.

## **6 Samferdselsdepartementet si vurdering**

Samferdselsdepartementet har merka seg at utbygging av rv 567 mellom Hauge og Lonevåg er viktig for Osterøy kommune. Det er den lokale trafikken som må betale bompengar, og sjølv om berre ein del av trafikantane som passerer bomstasjonen ved Osterøybrua vil ha direkte nytte av prosjektet Hauge – Lonevåg, vil truleg

fleire av trafikantane ha nytte av det nye prosjektet over tid. Utbygginga av vegsystemet på Osterøy blir vidareført slik at det blir fullgod standard på tilnærma heile strekninga mellom E16 og kommunesentret Lonevåg. Vidare er det lagt til grunn at delfinansieringa av prosjektet med bompengar kan skje innanfor bompengeperioden på 17 år som blei lagt til grunn i St.prp. nr. 60 (1999–2000). Departementet legg dessutan stor vekt på at det er lokalpolitisk tilslutning til å delfinansiere utbygginga med bompengar.

Samferdselsdepartementet sluttar seg til at det må vere eit vilkår at bompengeselskapet har ei renteavtale som sikrar eit rentenivå minimum i tråd med det som er lagt til grunn i finansieringsplanen. Departementet føreset at dokumentasjon for avtale om rentenivå blir sendt Vegdirektoratet før bompengeavtalen (tilleggsavtalen) blir underskriven.

## **7 Avtale**

Etter at Stortinget har gjort vedtak om utbygging og finansiering av rv 567 Hauge – Lonevåg, vil det bli inngått ein tilleggsavtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet Osterøy Bruselskap AS i tråd med føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om utbygging og finansiering av rv 567 Hauge – Lonevåg i Osterøy kommune i Hordaland.

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om utbygging og finansiering av rv 567 Hauge – Lonevåg i Osterøy kommune i Hordaland i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### **til vedtak om utbygging og finansiering av rv 567 Hauge –Lonevåg i Osterøy kommune i Hordaland**


I

Stortinget samtykker i at bompengeselskapet får løye til å ta opp lån til å forskottere bygginga av rv 567 Hauge – Lonevåg og til å krevje inn bompengar til delfinansiering av utbygginga i samsvar med vilkåra i denne proposisjonen.

---

II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsette nærmare reglar for finansieringsordninga.

**Vedlegg 1****Oversiktskart**

Figur 1.1



Grafisk produksjon: GAN Grafisk AS – Oslo. August 2007